



**ETNE
EL. LAG**

PROTOKOLL ORDINÆR GENERALFORSAMLING

Etne Elektrisitetslag AS heldt Generalforsamling i litle kinosalen på Skakke,

17. juni 2026 kl. 18.00.

Saksliste:

Sak 1 - Opning av møtet og opptak av fortegnelse over møtende/deltakande aksjeeigarar

Sak 2 - Val av møteleiar

Sak 3 - Val av protokollførar og 2 til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Sak 4 - Val av teljekorps

Sak 5 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 6 - Godkjenning av årsmelding og rekneskapen for 2025, herunder disponering av årsresultat

Sak 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer og valkomite

Sak 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2025

Sak 9 - Val av styremedlemmer, styreleiar og medlemmer til valnemnd

Sak 10 – Innkomne saker

- Endring i retningslinjene slik at religiøse føremål ikkje vert utelatne frå å søkje om midlar
- Endring i vedtektene §8 "Krav om geografisk tilknytning" vedkommande overføring av aksjar frå dødsbo

Sak 11 – Status i saka om omdanning/virksomhetsendring

SAK 1 - Opning av møtet og opptak av fortegnelse over møtende/deltakende aksjeeigarar

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Ove Wangensteen.

Det vart i henhold til Aksjeloven § 5-13 oppretta ei liste over aksjeeigarar som deltok, enten sjølv eller ved fullmektig.

Beslutning: Deltakande aksjonærar, antall aksjar og stemmer, samt eventuelle fullmakter vart registrert. 46 aksjeeigarar møtte med 16 fullmakter, totalt 62 stemmer. Totalt antall aksjar på møtande aksjeeigarar var 21.487.945 av totalt 124.528.519; 17,26%.

SAK 2 - Val av møteleiar

Styreleiar Ove Wangensteen vart samrøystes vald til møteleiar.

SAK 3 - Val av protokollfører og 2 til å skrive under protokollen saman med møteleiaren og referent

Sveinung Eskeland og Erik Gravelseter vart samrøystes valgt til å skriva under protokollen. Wenche Thorson vart samrøystes valgt til protokollfører.

SAK 4 - Val av teljekorps

Rune Ramsvik og Steinar Steinseth vart samrøystes valgt som teljekorps.

SAK 5 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

SAK 6 - Godkjenning av årsmelding og rekneskapen for 2025, herunder disponering av årsresultat

Årsregnskap og årsberetning for 2025 var publisert på www.elagsfondet.no og framlagd for generalforsamlinga. Styret inviterte generalforsamlinga til å fatta følgjande vedtak:

- Årsmelding for 2025 vert godkjend.
- Styrets forslag til resultatregnskap og balanse for Etne Elektrisitetslag for 2025 vert godkjend.
- Styrets forslag til disponering av resultat for 2025 vert godkjend.

Beslutning: Rekneskapen, årsmeldinga og disponering av årsresultat for 2025 vart samrøystes godkjend.

SAK 7 - Fastsetje godtgjersle for styremedlemmer

Godtgjersle til styremedlemmer, varamedlemmer og observatører vert fastsatt av generalforsamlinga (AL § 6-10). I følgje årsregnskapet for 2024 er honorarer utbetalt til Styret i Etne Elektrisitetslag AS på totalt kr 118.895,- (dette inkluderer arbeidsgjevaravgift). Av dette var styrehonorar/-honorar til valnemda på totalt kr. 107.500,-. Beløpa for godtgjersle til leiar, styremedlem og valnemdna er:

	Fast beløp pr år
Styreleiar	Kr. 30.000
Styremedlem	Kr. 20.000
Valnemd	Kr. 3.000

For styret gjeld desse satsane inntil 10 styremøter pr år. Dersom det vert nødvendig med fleire styremøter enn dette, vert honoraret auka med kr 2.000,- pr møte i tillegg til fast honorar.

Framlegg til vedtak: Styrehonorar vert ikkje endra.

Beslutning: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt og styrehonorar vert difor ikkje endra.

SAK 8 - Godkjenning av revisjonsgodtgjersle for 2025

Revisors honorar for revisjon for Etne Elektrisitetslag AS i 2024 har vore kr. 42.250,-.

Framlegg til vedtak: Revisor vert honorert etter rekning.

Beslutning: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt og revisor vert honorert etter rekning.

SAK 9 - Val av styremedlemmer og medlemmer til valnemnd

Styret

Styret har hatt fylgjande samansetning i 2025:

- Ove Kahrs Wangensteen - styreleiar
- Tord Askvig – styremedlem
- Frode Grindheim – styremedlem
- Elin Vik – styremedlem
- Elin Hegerland Hjelvik – styremedlem

Valnemd

Valnemda har hatt følgjande samansetning i 2025:

- Bjarte Dagestad – Leiar
- Torbjørn Tveita Reiso – medlem
- Anne Elin Ljusnes Sævareid - medlem

Valnemda ved leiar Bjarte Dagestad informerte om nemda sitt arbeid og nokre presiseringar i høve tenestetid på enkelte medlemmer. Han la fra valnemda sitt forslag:

Val av tre styremedlemmer for 2026-2028:

På val	Innstilling frå valkomiteen	Vedtak
Tord Askvig	Tord Askvig	Tord Askvig
Elin Vik	Elin Vik	Elin Vik

Val av styreleiar for 2026/2027:

På val	Innstilling frå valkomiteen	Vedtak
Ove Kahrs Wangensteen	Ove Kahrs Wangensteen	Ove Kahrs Wangensteen

Val av medlem i valnemnda for 2025-2027:

På val	Innstilling frå valkomiteen	Vedtak
Bjarte Dagestad	Roar Skårdal	Roar Skårdal
Torbjørn Tveita Reiso	Torbjørn Tveita Reiso	Torbjørn Tveita Reiso

Beslutning: Valnemda sitt forslag til nytt styre og valnemd vart samrøystes vedtatt

SAK 10 – Innkomne saker

Styreleiar Ove Wangensteen orienterte om to innkomne saker:

10.1 Forslag om endring i retningslinjer for utdeling av gåver:

Brev frå Etne Kyrkjelege fellesråd: «Til Etne e-lagsfond v/styreleiar Ove Kahrs Wangensteen, Etne 26.09.2025

Sak på generalforsamlinga til Etne E-lag AS 2025: I § 3 i vedtektene for Elagsfondet står det at «Selskapet skal i tillegg ta del i eller støtta samfunnsnyttige tiltak og aktiviteter, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet, samt finansielle investeringar. Selskapet har som mål å vera ei levande kraft i lokalmiljøet.» Styret har snevra dette inn gjennom retningslinjene der det er lista opp kven som ikkje kan få støtte. Her er m.a. nemnt «Religiøse føremål, det vil seia forkynnande verksemd. Unntak er for eksempel barnekor, speidar eller liknande.» Vi reagerer på at styret gjennom retningslinjene snevrar inn kven som kan vere

søknadsmottakarar. Vi kan ikkje sjå at dette er i samsvar med føremålet til Etne E-lag slik det kjem fram i vedtektene.

Alle innbyggjarar i nedslagsfeltet til tidlegare Etne E-lag har bidrege til det økonomiske grunnlaget til Elagsfondet gjennom nettleige og straumforbruk. Då er det uforståeleg at kristne organisasjonar i bygda og kyrkja kan oppfattast å vere utelatne frå å søkje. Mest 80% av innbyggjarane i Etne er medlemmer i kyrkja. Vi er innforstått med at vi ikkje får støtte til driftsutgifter til direkte forkynnande verksemd. Det er likevel mange ulike føremål som kyrkja i Etne treng støtte til og som heller ikkje vert finansierte av Etne kommune. Vi kan leggje til at Den norske kyrkja er eit eige rettssubjekt, og kyrkjene i Etnebygda er eigde av Etne sokn. Kyrkja er også ein kulturberar, både gjennom dei ulike aktivitetane i kyrkja og gjennom kyrkjebygga vi har i bygda. Dette understøttar den kristne kulturarven og at kyrkjene vert brukte til å formidla kultur.

Stortinget har vedteke i § 16 i Grunnlova vedteke at: ... Alle innbyggjarane i riket har fri religionsutøving. Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten... Alle trus- og livssynssamfunn skal bli stødde på lik line. Dette viser at folkekyrkja skal stå i ei særstilling i det norske samfunnet, samstundes som vi sjølv sagt har fri religionsutøving i landet. Styresmaktene ønskjer å leggje til rette for eit livssynsøpe samfunn. Dette inneber m.a. at religiøse føremål ikkje skal utelatast, men tvert om vere ein aktiv og positiv del av lokalsamfunnet. Kyrkja i Etne ønskjer å vere nettopp det. Ein vanleg månad er det frå 500-700 personar - små og store - innom Etne kyrkje på ulike arrangement. Kyrkja er universelt utforma, noko som gjer ho tilgjengeleg for alle. Kyrkja i Etne er ei inkluderande kyrkje med rom for alle, uansett livssituasjonar og livsfasar, sorg og glede, tru og tvil.

Forslag til vedtak på generalforsamlinga: Generalforsamlinga ber styret om å slette punktet i retningslinjene der religiøse føremål vert utelatne frå å søkje om midlar. Med helsing Etne kyrkjelege fellelsråd (aksjonær), Gerd Ingunn Opdal (leiar)»

Styreinnstilling til innkome forslag

Forslaget gjeld endring av retningslinjene for tildeling av gåvemidlar, slik at religiøse føremål ikkje lenger vert utelatne frå å søkje om midlar. Styret behandla saka i sitt siste styremøte og kom til at det ikkje ligg føre sterke motførestellingar mot den foreslåtte endringa. Styret legg til grunn at styret sjølv truleg har fullmakt til å gjera ei slik endring i retningslinjene, men finn det likevel rett at generalforsamlinga får høve til å ta stilling til spørsmålet.

Styret rår på denne bakgrunnen generalforsamlinga til å vedta at følgjande punkt vert stroke frå gjeldande retningslinjer: «Religiøse føremål, det vil seia forkynnande verksemd. Unntak er for eksempel barnekor, speidar eller liknande.»

Beslutning: Styret sitt forslag til endring av retningslinjer for utdeling av gåver vart samrøystes vedtatt. Oppdaterte retningslinjer vedlagd.

10.2 Endring av vedtektene § 8 Krav om geografisk tilknytning

Ifølge vedtektene kan aksjar i selskapet berre ervervast av privatpersonar og føretak som er busette i, har eigedom i, eller har registrert forretningsadresse innanfor konsesjonsområdet. Med erverv meiner ein i denne samanheng alle overføringar av aksjar, herunder **ved arv**, fusjon/fisjon m.m. Erverv av aksjar skal godkjennast av styret i samsvar med aksjelova §§ 4-16 og 4-17. Samtykke kan berre nektast dersom det ligg føre sakleg grunn. Aksjelova sine regler om forkjøpsrett (§§ 4-19 til 4-23) gjeld ikkje ved eigarskifte av aksjar i selskapet.

Det har kome inn forslag om å fjerne «ved arv» i andre setning, styret innstiller på dette.

Beslutning: Styret sitt forslag til endring av vedtektene § 8 vart samrøystes vedtatt. Oppdaterte vedtekter vedlagd.

Sak 11 - Orientering om omdanning/virksomhetsendring

Styreleiar Ove Wangenstein orienterte.

Styret er godt kjent med at mange aksjonærar ønskjer ei avklaring i spørsmålet om framtidig organisering av selskapet. Vi har gjennom heile perioden løpande etterspurt framdrift og status frå dei juridiske rådgjevarane våre, og deler til ein viss grad frustrasjonen over at prosessen har teke lengre tid enn det vi hadde håpa.

Som det går fram av innkallinga, og etter dialog med advokatane, har styret forstått at det ikkje vil vere forsvarleg å leggja fram saka for generalforsamlinga med ei tilråding før Skatteetaten har gjeve svar på den bindande førehandsfråsegna (BFU) som selskapet har bede om. Dei skattemessige spørsmåla er sentrale for vurderinga av dei alternativa som er utgreidde, og svaret frå Skatteetaten vil vere avgjerande for det vidare arbeidet.

For å halda aksjonærane orienterte legg styret ved både anmodninga om bindande førehandsfråsegn, som vart sendt til Skatteetaten i april 2026, og oppdaterte statusfråsegner frå dei juridiske rådgjevarane. Av desse går det fram at BFU etter det dei kjenner til truleg vil liggja føre i løpet av sommaren, og at dei deretter tek sikte på å ferdigstillast sine vurderingar og tilrådingar i løpet av august. Etter dette vil styret ha eit tilstrekkeleg grunnlag for å handsama saka og kalla inn til ekstraordinær generalforsamling der spørsmålet kan få ei endeleg behandling.

Styret vil koma tilbake til aksjonærane så snart det ligg føre eit fullstendig og forsvarleg avgjerdsgrunnlag.

Beslutning: Generalforsamlinga tek informasjonen til orientering og ber styret kalla inn til ekstraordinær generalforsamling når bindande førehandsfråsegn frå Skatteetaten og dei endelege vurderingane frå advokatane ligg føre.

I tillegg vert styret bedt om å undersøke korleis vedtektene § 10.2 som gjeld stemmerett på generalforsamlinga skal tolkast (representasjon av 50% av aksjekapitalen).

Vedlagd følgjer:

- Kopi av søknad «Anmodning om bindende forhåndsuttalelse»
- Orientering om status frå Haver Advokatfirma AS
- Orientering om status frå Advokatfirmaet Eurojuris Haugesund AS

Møtet vart heva.

Etne, 17. juni 2026

Ove Kahrs Wangenstein

Styreleiar

Sveinung Eskeland

Erik Gravelseter

Påmelding generalforsamling Etne Elektrisitetslag 17. juni 2026			
	Etternavn	Fornavn	Antall aksjer
1	Askvig	Tord	116.257
2	Baustad	Pål Atle	171.465
3	Becker	Turid Fosse	51.322
4	Becker	Hans	70.744
5	Børretzen	Agathe	56.566
6	Dagestad	Bjarte	85.334
7	Eriksen	Svein Harald	21.239
8	Eskeland	Sveinung	46.198
9	Etne Betong		1.116.989
10	Etne Kommune		10.404.539
11	Fiskå Mølle Etne AS		2.429.150
12	Frette	Randi	127.645
13	Gjerde	Jens Birger	303.059
14	Gravelsæter	Erik	297.940
15	Grindheim	Frode	394.856
16	Gundegjerde	Ingvor	32.463
17	Hamre	Astrid	107.534
18	Hamre	Åsmund	98.247
19	Harboe	Hans Martin	282.949
20	Hardeland	Tom	41.931
21	Hjelvik	Elin	138.263
22	Hornenes	Torgil	81.271
23	Håheim	Tor Reidar	83.560
24	Haaland	Trygve	118.488
25	Johansen	Ole	122.184
26	Johanson	Kåre	41.936
27	Johanson	Terje	75.814
28	Jørgensen	Arne	51.231
29	Kallevik	Bengt	68.288
30	Kjellesvik	Per Martin	127.330
31	KM-Karane		44.613
32	Kvammen	Peder Helge	169.231
33	Lauvås	Roe	115.041
34	Lunde	Harald Sigmund	87.610
35	Lunde	Willy Asbjørn	119.685
36	Mala	Sverre	65.882
37	Matre	Kjell Ingvald	78.989
38	Mæland	Einar	109.123
39	Opdal	Gerd Ingunn	44.425
40	Osnes	Jostein	103.398
41	Presttun	Gunnar	57.098
42	Presttun	Magne	73.855
43	Rafdal	Kari Anne	87.082
44	Ramsvik	Rune	117.338
45	Rekkedal	Arne	123.639
46	Sande	Oddbjørn	61.622
47	Simmenes	Kjell	46.474
48	Steinstø	Steinar	98.703
49	Sævareid	Ann Elin	73.464
50	Sævareid	John Gunvald	50.000
51	Sævareid	Ole	229.670
52	Sørheim	Sigve	95.314
53	Tesdal	Grethe	70.661
54	Tesdal	Frode	72.953
55	Tesdal	Odfrid	59.083
56	Thomassen	Tore	93.237
57	Thorson	Wenche	85.769
58	Vågen	Arve	122.580
59	Østrem	Irene	76.671
60	Aaen	Arnhold	25.415
61	Åsbø	Ivar	120.271
62	Åsbø Sanddrift aS	Ivar	1.544.257
		Aksjer representert	21.487.945
		Totalt antall aksjer	124.528.519
			17,26 %

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Ove Kahrs Wangensteen

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-2391760

IP: 46.46.xxx.xxx

2026-06-25 12:36:53 UTC



QES

 bankID



Erik Anbjørn Gravelsæter

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5993-4-3859569

IP: 84.234.xxx.xxx

2026-06-26 04:03:33 UTC



QES

 bankID



Sveinung Eskeland

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5993-4-3296718

IP: 79.161.xxx.xxx

2026-06-26 06:48:03 UTC



QES

 bankID



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutl.penneo.com>.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.